



## Møteprotokoll for Plan- og kommunalteknisk utval

**Møtedato:** 14.02.2018  
**Møtestad:** Osterøy rådhus - heradsstyresalen  
**Møtetid:** kl. 13.00 – kl. 14.55

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Atle Solberg	H	Utvalseiar
Annbjørge Bysheim Herland	KRF	Medlem
Lars Fjeldstad	SP	Medlem
Øyvind Litland	AP	Nestleiar
Ragnar Tyssebotn	FRP	Medlem
Torunn Åsheim	AP	Medlem
Siren Tyssebotn	FRP	Medlem

Frammøtte varamedlemmer	Parti	Erstatter medlem
Kari Laurhammer Mjøs	KRF	For A. Solberg i sak 022/18

---

**Følgjande frå administrasjonen møtte:** Rådmannen og utvalssekretæren

---

### Sakliste

Saknr	Tittel
019/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
020/18	Godkjenning av møtebok
021/18	Delegerte saker
022/18	152/3 - Bruvik - Søknad om løyve til tiltak - oppføring av tilbygg til bustadhus - rammesøknad
023/18	Byggesak gbnr 154/16 - Olsnes - Søknad om dispensasjon
024/18	96/3 Fotland - Søknad om dispensasjon for oppføring av reiskapshus
025/18	62/19 - Haus - vedtak om dispensasjon for oppføring av bustadbygg med 8 bustadeiningar og næringslokale - handsaming av klage
026/18	145/7 - Nordre Reigstad - Søknad om dispensasjon for arealoverføring - klage
027/18	145/7 Nordre Reigstad - Søknad om dispensasjon for arealoverføring

028/18 146/108 - Reigstad - Søknad om dispensasjon - mur

**019/18: Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**Innkalling og sakliste vert godkjent.**

**14.02.2018 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

**PL - 019/18 VEDTAK:**

**Innkalling og sakliste vert godkjent.**

---

**020/18: Godkjenning av møtebok**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**Møteprotokoll frå 24.01.18 vert godkjend.**

**14.02.2018 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

Det vart ikkje gjort vedtak om merknader til protokollen.

**PL - 020/18 VEDTAK:**

**Møteprotokoll frå 24.01.18 vert godkjend.**

---

**021/18: Delegerte saker**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**Melding om delegerte vedtak vert teken til vitande.**

**14.02.2018 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

**AVRØYSTING**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**PL - 021/18 VEDTAK:**

Melding om delegerte vedtak vert teken til vitande.

-----

**022/18: 152/3 - Bruvik - Søknad om løyve til tiltak - oppføring av tilbygg til bustadhus - rammesøknad**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

"Kommunen gjev dispensasjon frå plan- og bygningslova § 29-4, 2. ledd til oppføring av tilbygg til eksisterande bustadhus på gnr. 152, bnr. 3 minimum 3,7 meter frå nabogrensa mot vest, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

Kommunen gjev løyve til oppføring av tiltak alternativ 1, jf. teikningar motteke 20.12.2017, jf. plan- og bygningslova §§ 29-1 og 29-2, jf. plan- og bygningslova § 21-5, jf. forskrift om byggesak § 6-2.

Kommunen gjev rammeløyve til oppføring av tiltak alternativ 1, jf. teikningar motteke 20.12.2017, jf. plan- og bygningslova §§ 20-1, 20-2 og 20-3, jf. § 21-4, 1. ledd, på fylgjande vilkår:

- Tiltaket skal plasserast som synt i situasjonsplan datert 21.01.2017 og teikningar merka alternativ 1, jf. plan- og bygningslova § 29-4, jf. forskrift om byggesak § 6-3.
- Det må søkjast om igangsetjing av tiltaket, jf. plan- og bygningslova § 21-2, 5. ledd.
- Søknad om igangsetjing av tiltaket vert ikkje gjeve før tilhøvet til andre styresmakter er i orden, jf. plan- og bygningslova § 21-5, 1. ledd."

**14.02.2018 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

Atle Solberg, H, bad om vurdering av sin gildskap då sonen er eigar av ansvarleg søkjar fa. Byggmester Solberg AS - han tok ikkje del i møtet ved avgjerd om gildskap - Kari L. Mjøs, KRF, møtte som vara - 7 medlemmer/varamedlemmer til stades.

AVRØYSTING - gildskap

Atle Solberg, H, vart samrøystes kjend ugild. Vedtaket vart gjort i medhald av fvl. § 6, 1. ledd, bokstav

b ... En offentlig tjenestemann er ugild til å tilrettelegge grunnlaget for en avgjørelse eller til å treffe en avgjørelse i en forvaltningssak ... når han er i slekt eller svogerskap med en part i opp- eller nedstigende linje så nær som søsken ... .

-----

Lars Fjeldstad, SP, gjorde på vegner av SP, AP og KRF slikt framlegg: "Kommunen gjev dispensasjon frå plan- og bygningslova § 29-4, 2. ledd til oppføring av tilbygg og ombygging av eksisterande bustadhus på gnr. 152, bnr. 3 minimum 3,7 meter frå nabogrensa mot vest, jf. plan og bygningslova § 19-2.

Kommunen gjev løyve til oppføring av tiltak alternativ 2, jf. teikningar motteke 20.12.2017, jf. plan og bygningslova §§ 29-1 og 29-2, jf. plan- og bygningslova § 21-5, jf. forskrift om byggesak § 6-2.

Kommunen gjev rammeløyve til oppføring av tiltak alternativ 2, jf. teikningar motteke 20.12.2017, jf. plan- og bygningslova §§ 20-1, 20-2 og 20-3, jf. § 21-4, 1. ledd, på fylgjande vilkår:

- Tiltaket skal plasserast som synt i situasjonsplan i alternativ 2 og teikningar merka alternativ 2, jf. plan- og bygningslova § 29-4, jf. forskrift om byggesak § 6-3.
- Det må søkjast om igangsetjing av tiltaket, jf. plan- og bygningslova § 21-2, 5. ledd.
- Søknad om igangsetjing av tiltaket vert ikkje gjeve før tilhøvet til andre styresmakter er i orden, jf. plan- og bygningslova § 21-5, 1. ledd."

Grunngjeving:

Etter vår vurdering har alternativ 2 dei beste visuelle kvalitetar - både i seg sjølv i høve til bygde og naturlege omgjevnader. Vår vurdering er at alternativ 2 vil auke sjansane for gjennomslag hjå øvrige styresmakter.

Ragnar J. Tyssebotn, FRP, gjorde slikt framlegg: "Kommunen gjev dispensasjon frå plan- og bygningslova § 29-4, 2. ledd til oppføring av tilbygg og ombygging av eksisterande bustadhus på gnr. 152, bnr. 3 minimum 3,7 meter frå nabogrensa mot vest, jf. plan og bygningslova § 19-2.

Kommunen gjev løyve til oppføring av tiltak alternativ 1, jf. teikningar motteke 20.12.2017, jf. plan og bygningslova §§ 29-1 og 29-2, jf. plan- og bygningslova § 21-5, jf. forskrift om byggesak § 6-2.

Kommunen gjev rammeløyve til oppføring av tiltak alternativ 1, jf. teikningar motteke 20.12.2017, jf. plan- og bygningslova §§ 20-1, 20-2 og 20-3, jf. § 21-4, 1. ledd, på fylgjande vilkår:

- Tiltaket skal plasserast som synt i situasjonsplan datert 21.01.2017 og teikningar merka alternativ 1, jf. plan- og bygningslova § 29-4, jf. forskrift om byggesak § 6-3.
- Det må søkjast om igangsetjing av tiltaket, jf. plan- og bygningslova § 21-2, 5. ledd.
- Søknad om igangsetjing av tiltaket vert ikkje gjeve før tilhøvet til *vegstyresmakta* er i orden, jf. plan- og bygningslova § 21-5, 1. ledd.

Grunngjeving:

Det er viktig at denne familien får bygge ut huset slik at dei har nok plass til alle. Som departementet skriv i sitt skriv, er vegstyresmaktene dei einaste som ikkje har kome med uttale til saka endå. Det må og det er naturleg å spesifisere at det er dei med ventar på. Andre styresmakter har uttalt seg om dette før, og ein treng ikkje be dei om uttale fleire gonger, jfr. svar frå departementet. Det er og viktig at hustypen vert ståande som omsøkt og i rådmannen sitt forslag, for ikkje å setje heile prosjektet i spel att."

-----

Det vart halde pause i drøftingane frå kl. 13.20 - kl. 13.35 gruppemøte for AP, SP og KRF. I pausen fekk rådmannen avklart nokre spørsmål i høve til dei ulike vedtaksalternativa.

Rådmannen opplyste at det er regulert i forskrift kva mynde som skal ha ei sak til uttale, og at dette difor er uavhengig av kva alternativ ein gjer vedtak om i saka.

-----

#### **AVRØYSTING**

Ragnar J. Tyssebotn sitt framlegg - 2 røyster (2FRP)

#### **Alternativ avrøysting**

Fellesframlegg frå SP, AP og KRF - 5 røyster (2AP,2KRF,1SP)

Rådmannen sitt framlegg - 2 røyster (2FRP)

#### **PL - 022/18 VEDTAK:**

"Kommunen gjev dispensasjon frå plan- og bygningslova § 29-4, 2. ledd til oppføring av tilbygg og ombygging av eksisterande bustadhus på gnr. 152, bnr. 3 minimum 3,7 meter frå nabogrensa mot vest, jf. plan og bygningslova § 19-2.

Kommunen gjev løyve til oppføring av tiltak alternativ 2, jf. teikningar motteke 20.12.2017, jf. plan og bygningslova §§ 29-1 og 29-2, jf. plan- og bygningslova § 21-5, jf. forskrift om byggesak § 6-2.

Kommunen gjev rammeløyve til oppføring av tiltak alternativ 2, jf. teikningar motteke 20.12.2017, jf. plan- og bygningslova §§ 20-1, 20-2 og 20-3, jf. § 21-4, 1. ledd, på fylgjande vilkår:

- Tiltaket skal plasserast som synt i situasjonsplan i alternativ 2 og teikningar merka alternativ 2, jf. plan- og bygningslova § 29-4, jf. forskrift om byggesak § 6-3.
- Det må søkjast om igangsetjing av tiltaket, jf. plan- og bygningslova § 21-2, 5. ledd.
- Søknad om igangsetjing av tiltaket vert ikkje gjeve før tilhøvet til andre styresmakter er i orden, jf. plan- og bygningslova § 21-5, 1. ledd."

#### **Grunngjeving:**

Etter vår vurdering har alternativ 2 dei beste visuelle kvalitetar - både i seg sjølv i høve til bygde og naturlege omgjevnader. Vår vurdering er at alternativ 2 vil auke sjansane for gjennomslag hjå øvrige styresmakter."

-----

#### **023/18: Byggesak gbnr 154/16 - Olsnes - Søknad om dispensasjon**

#### **Rådmannen sitt framlegg:**

##### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 jf. § 11-6 (disp frå kommuneplan) / § 1-8 (disp frå pbl) .

Det vert med heimel i plan og bygningslova gjeve dispensasjon for omsøkte tilbygg på eksisterande hytte samt avlaup med sjøleidning med utsleppspunkt kote -20 meter.

Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune for klagevurdering.

#### **14.02.2018 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

##### **AVRØYSTING**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

##### **PL - 023/18 VEDTAK:**

"Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 jf. § 11-6 (disp frå kommuneplan) / § 1-8 (disp frå pbl) .

Det vert med heimel i plan og bygningslova gjeve dispensasjon for omsøkte tilbygg på eksisterande hytte samt avlaup med sjøleidning med utsleppspunkt kote -20 meter.

Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune for klagevurdering."

---

**024/18: 96/3 Fotland - Søknad om dispensasjon for oppføring av reiskapshus**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

"Kommunen gjev dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen, jf. plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-7, nr. 5, bokstav a til oppføring av reiskapshus knytt til idrettsbana i Fotlandsvåg på gnr. 96, bnr. 3, jf. plan- og bygningslova § 19-2, på fylgjande vilkår:

- Plasseringa må avklarast med sektor for miljø og teknikk avdeling for vatn og avlaup i Osterøy kommune, og det må takast særlege omsyn til eksisterande vass- og avlaupsleidningar i grunnen."

#### **14.02.2018 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

##### **AVRØYSTING**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**PL - 024/18 VEDTAK:**

"Kommunen gjev dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen, jf. plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-7, nr. 5, bokstav a til oppføring av reiskapshus knytt til idrettsbana i Fotlandsvåg på gnr. 96, bnr. 3, jf. plan- og bygningslova § 19-2, på fylgjande vilkår:

- Plasseringa må avklarast med sektor for miljø og teknikk avdeling for vatn og avlaup i Osterøy kommune, og det må takast særlege omsyn til eksisterande vass- og avlaupsleidningar i grunnen."

---

**025/18: 62/19 - Haus - vedtak om dispensasjon for oppføring av bustadbygg med 8 bustadeiningar og næringslokale - handsaming av klage**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

"I medhald av plan- og bygningslova § 1-9 og forvaltningslova § 33 vert det gjort fylgjande vedtak:

Klage av 22.12.2017 vert ikkje teke til fylgje. Kommunen sine vedtak av 29.11.2017 saksnr. 154/17 og 14.12.2017 saknr. 352/17 om å gje dispensasjon for oppføring av bustadbygg med 8 bustadeiningar på gnr. 62, bnr. 19 vert oppretthalde. Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for vidareending til Kommunal- og moderniseringsdepartementet for oppnemning av setjefylkesmann."

**14.02.2018 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

Følgjande dokument vart delt ut til møtet:

Brev av 30.01.18 frå Haus grendaråd

---

Torunn Åsheim, AP, bad om vurdering av sin gildskap, då foreldra har vore i kontakt med tiltakshavar om interesse for framtidig kjøp - ho tok ikkje del i møtet ved handsaminga av gildskap - 6 medlemmer til stades.

AVRØYSTING - gildskap

Torunn Åsheim, AP, vart samrøystes kjend gild.

Utvalet fann at det ikkje låg føre ugildskap etter fvl. § 6, 1 ledd, bokstav b eller etter andre ledd, .....  
*En offentlig tjenestemann er ugild til å tilrettelegge grunnlaget for en avgjørelse eller til å treffe en avgjørelse i en forvaltningssak ... når han er i slekt eller svogerskap med en part i opp- eller nedstigende linje så nær som søsken ...* . Utvalet fann ikkje at det her låg føre partsforhold, då ingen kontrakter eller avtalar er inngått.

*Likeså er han ugild når andre særegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans*

*upartiskhet; blant annet skal legges vekt på om avgjørelsen i saken kan innebære særlig fordel, tap eller ulempe for ham selv eller noen som han har nær personlig tilknytning til... . Utvalet fann heller ikkje at det låg føre andre særlege forhold som er eigna til å svekka tilliten til hennar upartiskheit i saka.*

Torunn Åsheim, AP, kom tilbake til møtet - 7 medlemmer/varamedlemmer til stades.

-----

Lars Fjeldstad, SP, gjorde slikt framlegg på vegner av SP, H,AP og KRF: "Grunngjeving:

Det er eit sterkt behov for slike bustader i Haus, og det er ikkje tid til å vente på områdeplan. Ein ser for seg at ein områdeplan for Haus er minimum 10 år fram i tid.

Eksisterande bustadhus er det gitt rivingstillatelse på, og ein er redd for at ein sentrumsnær eigedom vert liggande brakk i påvente av ein områdeplan. Alternativt risikerer ein at det vert oppført ein ny einebolig på tomta, og at ein då får ein svært lågare samfunnsnytte av denne tomta i Haus sentrum. Syner og til skriv av 30.01.18 i frå Haus Grendaråd."

#### **AVRØYSTING**

Rådmannen sitt framlegg med tillegg  
som foreslått i møtet - samrøystes

#### **PL - 025/18 VEDTAK:**

"I medhald av plan- og bygningslova § 1-9 og forvaltningslova § 33 vert det gjort fylgjande vedtak:

Klage av 22.12.2017 vert ikkje teke til fylgje. Kommunen sine vedtak av 29.11.2017 saksnr. 154/17 og 14.12.2017 saknr. 352/17 om å gje dispensasjon for oppføring av bustadbygg med 8 bustadeiningar på gnr. 62, bnr. 19 vert oppretthalde. Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for vidareending til Kommunal- og moderniseringsdepartementet for oppnemning av setjefylkesmann.

#### **Grunngjeving:**

Det er eit sterkt behov for slike bustader i Haus, og det er ikkje tid til å vente på områdeplan. Ein ser for seg at ein områdeplan for Haus er minimum 10 år fram i tid.

Eksisterande bustadhus er det gitt rivingstillatelse på, og ein er redd for at ein sentrumsnær eigedom vert liggande brakk i påvente av ein områdeplan. Alternativt risikerer ein at det vert oppført ein ny einebolig på tomta, og at ein då får ein svært lågare samfunnsnytte av denne tomta i Haus sentrum. Syner og til skriv av 30.01.18 i frå Haus Grendaråd."

-----

**026/18: 145/7 - Nordre Reigstad - Søknad om dispensasjon for arealoverføring - klage**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

"Administrativt vedtak av 23.10.2017 saknr. 291/17 vert oppretthalde. Klagen vert ikkje teke til fylgje. Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for avgjerd, jf. plan- og bygningslova § 1-9, jf. forvaltningslova § 33."

#### **24.01.2018 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

Øyvind Litland, AP, gjorde slikt framlegg: "Saka vert utsett for synfaring."

#### **AVRØYSTING - utsetjing**

Utsetjingsframlegget vart samrøystes vedteke.

#### **PL - 010/18 VEDTAK:**

"Saka vert utsett for synfaring."

#### **14.02.2018 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

Det vart halde synfaring for utvalet før møtet.

-----  
Det vart halde pause i drøftingane frå kl. 14.00 - kl. 14.05 med gruppemøte for SP, AP, KRF og H.

-----  
Ragnar J. Tyssebotn, FRP, gjorde slikt framlegg: "Klagen vert teken til følgje. Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanføresegn punkt 1.1, jfr. plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-9, nr. 1 for arealoverføring av omlag 400 m2 frå gnr. 145/bnr. 7 til gnr. 145/bnr. 48 som omsøkt."

Lars Fjeldstad, SP, gjorde på vegner av SP, AP, H og KRF slikt framlegg: "Administrativt vedtak av 23.10.2017 saknr. 291/17 vert oppheva. Klagen vert teke til fylgje. Det vert gjeve dispensasjon frå kommuneplanføresegn punkt 1.1, jf. plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-9, nr. 1 til arealoverføring av 400 m<sup>2</sup> frå gnr. 145, bnr. 7 til gnr. 145, bnr. 48.

Grunngjeving:

Arealoverføringa vil føra til ei meir funksjonell utnytting av gnr. 145, bnr. 48. utan at det tilsidesett moglegheit for framtidig utvikling av området i stor grad."

#### **AVRØYSTING**

Rådmannen sitt framlegg - 0 røyster

#### **Alternativ avrøysting**

Fellesframlegg frå SP, AP, H og KRF - 5 røyster (1H,2AP,1KRF,1SP)

Ragnar J. Tyssebotn sitt framlegg - 2 røyster (2 FRP)

#### **PL - 026/18 VEDTAK:**

"Administrativt vedtak av 23.10.2017 saknr. 291/17 vert oppheva. Klagen vert teke til fylgje. Det vert gjeve dispensasjon frå kommuneplanføresegn punkt 1.1, jf. plan- og bygningslova §§ 11-6 og

11-9, nr. 1 til arealoverføring av 400 m<sup>2</sup> frå gnr. 145, bnr. 7 til gnr. 145, bnr. 48.

Grunngjeving:

Arealoverføringa vil føra til ei meir funksjonell utnytting av gnr. 145, bnr. 48. utan at det tilsidesett moglegheit for framtidig utvikling av området i stor grad."

---

**027/18: 145/7 Nordre Reigstad - Søknad om dispensasjon for arealoverføring**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

"Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det ikkje gjeve dispensasjon frå kommuneplanføresegn punkt 1.1 jf. plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-9 nr. 1 for arealoverføring av om lag 2600 m<sup>2</sup> frå gnr. 145, bnr. 7 til gnr. 145, bnr. 105."

**24.01.2018 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

Annbjørge B. Herland, KRF, gjorde slikt framlegg: "Saka vert utsett for synfaring."

**AVRØYSTING - utsetjing**

Utsetjingsframlegget vart samrøystes vedteke.

**PL - 011/18 VEDTAK:**

"Saka vert utsett for synfaring."

**14.02.2018 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

Ragnar J. Tyssebotn, FRP, gjorde slikt framlegg: "Klagen vert teken til følgje. Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanføresegn punkt 1.1 jf. plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-9 nr. 1 for arealoverføring av om lag 2600 m<sup>2</sup> frå gnr. 145, bnr. 7 til gnr. 145, bnr. 105 som omsøkt."

Lars Fjeldstad, SP, gjorde på vegner av SP, H, AP og KRF slikt framlegg om tillegg til framlegg til vedtak: "Grunngjeving:

Ei så stor frådeling, utan konkrete planar på kva området vil brukast til (reguleringsplan), vil i stor grad hindre ei heilskapleg utvikling av området og kan ha ein negativ samfunnsnyttig påverknad."

**AVRØYSTING**

**Alternativ avrøysting**

Rådmannen sitt framlegg med slikt

tillegg som foreslått av SP/AP,H og KRF

- 5 røyster (1H,2AP, 1SP,1KRF)

Ragnar J. Tyssebotn sitt framlegg

- 2 røyster (2FRP)

**PL - 027/18 VEDTAK:**

"Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det ikkje gjeve dispensasjon frå kommuneplanføresegn punkt 1.1 jf. plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-9 nr. 1 for arealoverføring av om lag 2600 m<sup>2</sup> frå gnr. 145, bnr. 7 til gnr. 145, bnr. 105.

**Grunngjeving:**

Ei så stor frådelling, utan konkrete planar på kva området vil brukast til (reguleringsplan), vil i stor grad hindre ei heilskapleg utvikling av området og kan ha ein negativ samfunnsnyttig påverknad."

-----

**028/18: 146/108 - Reigstad - Søknad om dispensasjon - mur**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

"I medhald av plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå områdeplan Valestrand reguleringsføresegn punkt 1.67 og 2.2 til oppføring av mur med maksimum høgde på 3,5 meter på gnr. 146, bnr. 108, jf. plan- og bygningslova §§ 12-4, 12-7, nr. 1 og 2."

**24.01.2018 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

Ragnar J. Tyssebotn, FRP, gjorde slikt framlegg: "Saka vert utsett for synfaring."

**AVRØYSTING - utsetjing**

Utsetjingsframlegget vart samrøystes vedteke.

**PL - 009/18 VEDTAK:**

**"Saka vert utsett for synfaring."**

**14.02.2018 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

Det vart halde synfaring for utvalet før møtet.

-----

Utvalet drøfta etter synfaringa om eksisterande mur kan vera til fare for ferdselen langs vegen, og om dei byggetekniske krava til slike murar er ivaretekne.

-----

Atle Solberg, H, gjorde slikt framlegg: "Saka vert send tilbake til administrasjonen for ny vurdering og tilråding til vedtak, seinast til utvalsmøtet 24. mai."

**AVRØYSTING - utsetjing**

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**PL - 028/18 VEDTAK:**

**"Saka vert send tilbake til administrasjonen for ny vurdering og tilråding til vedtak, seinast til utvalsmøtet 24. mai."**

-----

Til å skriva under møteprotokollen saman med utvalsleiar vart desse valde: Torunn Åsheim og Lars Fjeldstad

Lonevåg, 16.02.2018

Bente Skjerping  
Utvalssekretær

-----  
Atle Solberg  
utvalsleiar

-----  
Torunn Åsheim

-----  
Lars Fjeldstad